

## Referat frå møte/synfaring for kunstprosjekt Voss gymnas 14. januar kl 11.30-14.30

Til stades:

*Alle kunstnarane som er invitert til idekonkurranse deltok på møtet; Silje Heggren, Brit Smelvær, Marit Haugen(Haugen/Zohar) og Trine Hovden. Frå Kunstkomiteen deltok; Sara Rykke Mandelid, Per Højgaard Nielsen; Gunnar Hemre Ringheim, Petra Rahm og Tone Stedal Haugland(referent) og Unn Fauskanger(rektor Voss gymnas).*

1. Kort presentasjonsrunde
2. Presentasjon av skulen, om skulesamanslåinga og studieretningane v. rektor Unn Fauskanger
3. Presentasjon av bygget og teikningar v. arkitekt Per Højgaard Nielsen, HLM arkitektur. Fleire bilete ol som er knytt direkte til dei områda konkurransen ønskjer innspel til vert lagt ut i Drop-box.
4. Presentasjon av kunstplanen og tankane bak invitasjonen til idékonkurransen v. kunstfagleg rådgjevar/kunstkonsulent Petra Rahm. Til presisering skal dei inviterte kunstnarane levere idéskisser til begge dei utpeikte stadene eller ein av dei.
5. Gjennomgang og signering av kontraktar. Det vart fremja ønskje om å få noko utsetting på innleveringsfrist – m.a. grunna i at dette møtet vart utsett. Det var semje om å utsetje innleveringsfrist til **MÅNDAG 4. APRIL. FRIST FOR Å STILLE SPØRSMÅL VIL DÅ OGSÅ VERTE UTSETT T.O.M. 15.MARS.** Spørsmål sendast til Petra Rahm på e-post – slik det er skissert i kontrakten.
6. Spørsmål og svar.
7. Kort synfaring på staden.